



# Årsplan 2026-2027

## Folkestad barnehage

*Ein god stad å vere – ein god stad å lære*



**Midt-Telemark**  
**kommune**

## Innhald

|                                                       |    |
|-------------------------------------------------------|----|
| Innleiing.....                                        | 2  |
| Personalet.....                                       | 2  |
| Planleggingsdagar .....                               | 5  |
| Opningstid, ferie, mat og oppseiing .....             | 5  |
| Barnehagens lovgrunnlag .....                         | 6  |
| Barnehagens verdigrunnlag.....                        | 6  |
| Barnehagen som pedagogisk verksemd .....              | 6  |
| Barnehagens formål og innhald.....                    | 9  |
| Overgangar .....                                      | 11 |
| Samarbeid .....                                       | 12 |
| Fagområder.....                                       | 13 |
| Barnehagens satsingsområde for 2026-2027 - leik ..... | 14 |
| Årshjul .....                                         | 16 |

## Innleiing

Folkestad er ein kommunal barnehage som blei oppretta 1.august 2010. Barnehagen har fire avdelingar, to småbarnsavdelingar, Fivrill og Ikønn (0-2 år), Jåså som er mellomavdeling (3-4 år) og Bjønn som er storbarnsavdeling (4-5 år).

Me har fokus på å vera masse ute og har gode leike- og turmoglegheiter for store og små.

Innanfor gjerdet har me eit kupert uteområde med både leikeplass og ein liten skog. I nærområdet er det ein fotballbane, leikeplass og skog med ulike stiar. På stien opp mot Trytetjønn har barnehagen ein eigen gapahuk som blir bruka året rundt.

Midt – Telemark kommune har blitt godkjent som trafikksikker kommune. Folkestad barnehage har utvikla ein trafikksikkerhetsplan som me jobbar aktivt med i kvardagen og som blir tatt opp på foreldremøte på hausten.

Frå hausten 2026 er det 69 barn og 22 tilsette i barnehagen.

Vår visjon er «Ein god stad å vere – ein god stad å lære»

## Personalet



Line-Cecilie Haugerud  
Einingsleiar



Kristine M. Pedersen  
Spesialpedagog



Anne Grete Furuvald  
Fagarbeider, permisjon  
til januar 2027.

## Avdeling Bjønn:



Ruth D. Haugland  
Pedagogisk leiar



Evelin Iveth Pedersen  
Pedagog



Bente Jakobsen  
Fagarbeidar



Hilde Kolbu  
Fagarbeidar



Åse Britt Straume  
Assistent

## Avdeling Jåså:



Ole-Johnny T. Grande  
Pedagogisk leiar



Camilla Eie  
Pedagog



Monica N. Stålen  
Fagarbeidar



Trine Svendsen  
Fagarbeidar



Marianne Torekåsa  
Fagarbeidar



Ranveig Fjalestad  
Assistent



Isabel R. Haugland  
Lærling

## Avdeling Fivrrill:



Maria Klonteig  
Pedagogisk leiar



Kari Iren Almankås  
Pedagog



AnneLise Ø. Vegheim  
Fagarbeidar



Jeanett Christiansen  
Fagarbeidar

## Avdeling Ikønn:



Unni Øya  
Pedagogisk leiar



Camilla Fosstveit  
Pedagog



Kristin Eika  
Fagarbeidar



Ranveig Fjalestad  
Assistent

## Planleggingsdagar

Det er 5 planleggingsdagar i barnehageåret, for 2026/27 har vi fastsett desse dagane:

- **13.08**
- **14.08**
- **06.11**
- **04.01**
- **07.05**

Planleggingsdagane er vår viktigaste arena for kompetanseutvikling. Dei er sentrale for å imøtekomme Rammeplanens krav om at barnehagen skal planlegge, dokumentere, vurdere og utvikle sitt pedagogiske innhald og sikre at arbeidet er i tråd med barnehagelova.

## Opningstid, ferie, mat og oppseiing

Barnehagen har opningstid mellom 07.15 til 16.45. Det vil seie at foreldre/føresette med heildagsplass disponerer plassen frå klokka 07.15 og skal vera ute av barnehagen klokka 16.45.

Barnehagen er stengt jul- og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

Barnehagen har sommarstengt i veke 29, 30 og 31.

### Mat og drikke

Barnehagen serverar 2 måltid med drikke til dagen. Ynskjer ein å eta frukost i barnehagen må ein ha med mat heimanfrå og vera til stades før klokka 08.30.

Barnehagen har fokus på sunn mat og følger dei nasjonale retningslinjene for mat og måltid i barnehagen.

#### Pris pr månad:

- 5 dagarsplass kr 400
- 4 dagarsplass kr 320

Denne summen vil koma i tillegg på barnehagerekninga kvar månad.

Juli er ein betalingsfri månad.

### Oppseiing av barnehageplassen

Ynskjer dykk å sei opp plassen må dette skje elektronisk via heimesida til Midt-Telemark kommune. Det er ein månads oppseiingsfrist frå 1. i kvar månad.

## Barnehagens lovgrunnlag

Barnehagens innhald regulerast av både sentrale og lokale lover og forskrifter:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- Vedtekter for kommunale barnehagar i Midt-Telemark kommune
- Overgang barnehage - skule

## Barnehagens verdigrunnlag

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid.

Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens eigenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage får ein god barndom prega av trivsel, venskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er også ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidrar til å legge grunnlaget for eit godt liv. Barnehagen skal gi barn trua på seg sjølve og andre.

Barna skal møtes som individ, barnehagen skal ha respekt for barnas opplevingsverd. Barnas liv påverkast av omgivelsane, men barn påverkar også sine egne liv. Barnehagen skal gi rom for barnas ulike forutsetningar, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølve og tru på egne evner.

Viktige og sentrale begrep som omtalast nærare i *Rammeplan for barnehagar* er barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse. Den beste arenaen for å jobbe med dette er i møtet mellom tilsette og barn i barnehagekvardagen.

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

### Planlegging

I Folkestad barnehage er vi opptekne av at heile barnehagen skal fungere som ei eining og at det skal vera eit godt samarbeid mellom avdelingane.

Eit godt personalsamarbeid er viktig for å få til ein god barnehage. Eit personale som samarbeider godt, støttar, hjelper og viser omsorg for kvarandre er også gode modellar for barna.

Personalet må ha tid til å diskutere:

- Målsettingar og metodar
- Aktivitetar for barna
- Utfordringar som oppstår med gruppa eller enkelt barn
- Å samordne informasjon
- Utviklingsarbeid

## Eit aktivt og godt fagmiljø er viktig for oss alle

Barnehagen har desse møtepunkta for personalet:

- Avdelingsmøte ein gong kvar veke
- Ped.leiar møte kvar 14. dag
- 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret
- Personalmøter

## Dokumentasjon

Vurdering og dokumentasjon er eit av dei viktigaste verktøya for systematisk kvalitetsutvikling. Dette er ei støtte for dei vaksne i planleggingsarbeidet. Kunnskap og synleggjering av personalets arbeid og barnas verksmed i barnehagen er viktig som grunnlag for barnehagens utvikling og vidare arbeid.

Tilbakemeldingar og evaluering frå foreldre/føresette er også eit viktig ledd i å forbetre og vidareutvikle barnehagen vår.

Barnehagens dokumentasjon gjev dykk som foreldre/føresette ein moglegheit til eit innblikk i kva barna opplever, lærer og gjer når dei er i barnehagen. Det pedagogiske arbeidet blir blant anna dokumentert gjennom:

- Månadsplanar
- Dokumentasjon ved hjelp av bilete frå prosessane til barna
- Utstillingar
- Praksisfortellingar

Dokumentasjon er ein viktig del og eit pålegg i Rammeplanen. Ved å bruke dokumentasjon vil ein kunne få fram ulike oppfatningar og opne opp for ein reflekterande praksis.

Biletedokumentasjon er eit hjelpemiddel for å vise korleis aktiviteten har utvikla seg fram til det endelege resultatet.

## Vurdering

Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen.  
(*Rammeplanen 2017*)

For å sikre at vi er på veg mot målet er det viktig å evaluere undervegs. Når avdelingar planlegg og gjennomfører ulike tiltak og aktivitetar skal det bygge på observasjonar og erfaringar. Barna skal også tas med i evalueringa slik at dei kan få sette sitt ord på sine opplevingar av aktivitetane.

Vårt vurderingsarbeid baserast på tilbakemeldingar frå barn, foreldre, observasjonar, barnesamtaler, dokumentasjonsarbeid og refleksjonar i personalgruppa.

Målet med vurdering i barnehagen er å skape den gode barnehage for det enkelt barn. Vurderingar som blir gjort er utgangspunkt for vidare og ny planlegging av vårt arbeid.

## Kartlegging og observasjon

Systematisk observasjon og kartlegging tas i bruk ved behov og etter avtale med føresette. Vi nyttar kartleggingsverktøy som TRAS (tidleg registrering av språk) dersom vi finner det hensiktsmessig å undersøke barnets språkutvikling meir spesifikt. Vi bruker også kartleggingsverktøyet ALLE MED som går på språkleg og sosial utvikling.

## Barns medverknad

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

*(Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning)*

Barns medverknad handlar om at barn har rett til å uttrykke seg og få innflytelse på kva som skal skje og korleis det skal gjerast. Kor omfattande medverkinga vil vera og korleis retten til medverknad vert praktisert vil avhenge av barna sin alder og funksjonsnivå.

Medverknad handlar ikkje berre om å bestemme kor ein vil gå på tur eller kva eventyr ein skal lesa. Medverknad handlar om å virke med, ha innflytelse på noko saman med nokon.

Når barn får vere med å bestemme noko får dei oppleve at det dei seier betyr noko og at dei har innverknad på deira eigen kvardag.

## Korleis jobbar vi med barns medverknad

Vi tek utgangspunkt i barnas eigne uttrykksmåtar. Dei vaksne må lytte og prøve å tolke barnas kroppsspråk, vera observante i forhold til deira handlingar, estetiske uttrykk og etter kvart deira verbale språk.

Dei minste barna uttrykker seg ofte gjennom mimikk, kroppshaldning og andre følelsesmessige uttrykk.

## Noko av det vi gjer saman med barna er å:

- Tilrettelegge det fysiske miljøet slik at barna sjølv vel det dei vil leike med
- Har ordensbarn som utfører ulike arbeidsoppgåver
- Barna har medråderett på korleis dei vil ha bursdagssamlinga
- Lar barna vera med å påverke kva ein legg opp til av kvardagsaktivitetar
- Tilsette ser kva barna interesserer seg for å legg til rette for vidareutvikling på barnas premisser

## Progresjon i barnehagen

Barnehagen skal skape ein progresjon i innhaldet og bidra til utfordringar for barna slik at dei til ein kvar tid har noko å strekke seg etter. Opplevingar, aktivitetar og utfordringar skal auke i takt med alder og modning. Det er dei tilsette sitt ansvar å legge til rette slik at denne progresjonen finner sted.

Vi har aldersinndelte grupper kor vi tilrettelegg aktivitetar etter alder og modenhet.

# Barnehagens formål og innhald

Barnehagens innhald skal være allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfolde skaparglede, undring og utforskartrong. Arbeidet med omsorg, leik, danning, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal ses i samanheng og samla bidra til barns allsidige utvikling.

## Omsorg og danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. (Rammeplanen kapittel 3 – Barnehagen skal fremje danning)

Omsorg skal prege alle situasjonar og koma til uttrykk i kvardagslivet i barnehagen som leik og læring, i stell, påkledning og måltid. Omsorg og danning handlar både om relasjonar mellom barn og vaksne og barnas omsorg for kvarandre. Å gje barna moglegheiter til å gje kvarandre og ta imot omsorg er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse. Det er gjennom omsorg og danning vi skal være med å gjere barna trygge for å skape føresetnad for trivsel og utvikling.

### Dei tilsette i barnehagen skal:

- Lytte til barna
- Anerkjenne
- Sjå barnas behov
- Ha evne til samspel
- Rettleie
- Gje utfordringar
- Være inkluderande
- Alltid ha eit fang til trøyst eller kos

## Leik

Leiken skal ha gode vilkår i barnehagen og det krev at personalet har respekt for leiken til barna. Barna må få nok plass og skjerma tid for at den gode leiken kan få utvikle seg.

Leik er ein viktig læringsform. Barna utviklar venskap, trivsel og legg grunnlaget for sosial kompetanse. Det å leike utfordrar evna til problemløysing, ansvar og forplikting i forhold til medleikar. I rolleleik lærer dei å innordne seg sosiale reglar, ta andres roller og språkevna stimulerast.

### Dei tilsette i barnehagen skal:

- Sikre at alle barn får tatt del i leikefellesskapet
- Legge til rette for variert leik, både fysisk og organisatorisk
- Gje alle barn leikeerfaringar
- Gje leikestøtte til dei barna som treng det
- Ha respekt for barnas leik
- Være tilstade for barna
- Opprette leikegrupper

## Læring

Læring er ein prosess som varar heile livet. Barnehagen skal legge til rette for eit godt læringsmiljø for alle barn. Personalet skal legge til rette slik at barnehagen blir ein god læringsarena som gjev barna oppleving av meistring og glede.

### Dei tilsette i barnehagen skal:

- Støtte barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær
- Gje utfordringar innafor deira meistringsområde og interesseområde
- Vere gode rollemodellar for barna
- Skape eit miljø med rom for undring
- Vere gode språklege samtalepartnerar som er med på å utvikle barnas språk

## Sosial kompetanse

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre menneske i ulike situasjonar. I det daglege samspelet i barnehagen tileignar barna seg sosiale ferdigheter. Vår oppgåve er å støtte og legge til rette for utvikling av den sosial kompetansen ved å oppmuntre til positive handlingar.

### Vi legger vekt på at barna skal lære å:

- Invitere kvarandre inn i leiken
- Vise kvarandre respekt
- Løyse konflikhtar
- Ta omsyn til kvarandre
- Vise empati
- Trøyste kvarandre
- Rose kvarandre
- Respektere ulikhetar
- Samarbeide med andre
- Utvikle sjølvstende

## Trygt og godt barnehagemiljø

Når ein arbeidar med sosial kompetanse vil det også vera naturleg å ha fokus på temaet trygt og godt barnehagemiljø. For å arbeide mot, førebygge og avdekke mobbing skal personalet jobbe aktivt for å gje alle barna gode utviklings og aktivitetsmoglegheiter. Det skal formidlast verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar.

1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet. Denne lova skal sørge for at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag.

Ved å analysere miljøet i barnehagen fleire gonger i året, kan ein raskt sette i gang tiltak dersom mobbing blir påvist.

## Likestilling i barnehagen

Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling.

*Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold*

Dette betyr at personalet skal være seg bevisst sine haldningar til likestilling mellom kjønna.

### Dei tilsette skal:

- Gje gutar og jenter moglegheiter og tilbod til dei same aktivitetar uavhengig av kjønn og alder
- Utforme det fysiske miljøet utifrå barnegruppa og ikkje utifrå gutar/jenter
- Reflektere over sine egne haldningar til samfunnets forventingar til gutar og jenter
- Møte andre kulturar med respekt og undring

## Kommunikasjon og språk

Småbarnsalderen er den grunnleggande perioden for språkutvikling. For å sikre god språkstimulering skal personalet vere gode språkmodellar og bruke språket aktivt. I kvardagen skal vi skape eit miljø i barnehagen kor språkstimulerande aktivitetar har ein sentral plass. Vi skal sørge for at barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel.

### Dei tilsette skal:

- Gje plass til dialogen
- Fortelje eventyr
- Lese rim og regler
- Tulle og tøyse med ord
- Bruke konkretar for å tydeleggjere språket
- Benevne
- Bekrefte
- Gjenta
- Sette ord på opplevingar og følelsar
- Gjere barna nysgjerrige på skriftspråket gjennom å lese
- Skrive og synleggjere skrift for barna
- Bruke alternativ kommunikasjon til dei barna som treng det

## Overgangar

### Når barnet begynner i barnehagen

I Rammeplanen står det at barnehagen skal leggje til rette for, og tilpasse sin organisering, slik at barnet får ein trygg og god oppstart i barnehagen. Barnet skal få tett oppfølging og oppstarten i barnehagen gjerast i nært samarbeid med foreldra.

## Overgang frå småbarn til storbarnavdeling

Me legg til rette for ein god overgang frå liten til stor avdeling. Alle barn har ulike behov og sårbarhetsgrad i forbindelse med endringar. For å ivareta kvart enkelt barns tryggleik, trivsel og utvikling skal informasjon overførast mellom pedagogane på dei ulike avdelingane.

Dei barna som skal over frå ein avdeling til ein anna er på besøk den siste tida før sommarferien.

## Overgang barnehage – skule

Midt-Telemark kommune har utarbeida ein samarbeidsplan for barnehagane og skulane i kommunen. Målet for overgangen er: Å skape ei positiv oppleving av overgangen frå barnehage til skule. Denne planen finn dykk på Midt-Telemark kommune sine heimesider.

Det er ei ekstra foreldresamtale på våren for skulestarterne der ein går igjennom eit overgangsskjema med informasjon som skal formidlast til skulen, føresette skal her godkjenne informasjonen som blir formidla til skulen.

## Samarbeid

### Samarbeid mellom heim og barnehage

Som rammeplanen beskriv skal barnehagen i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Føresette og barnehagens tilsette har eit felles ansvar for barnets trivsel og utvikling.

Det er viktig at barnehagen og heimen har god dialog om barnets tryggleik, trivsel og utvikling.

Ting som skjer i barnehagen eller i heimen har innverknad på barnet og ein openheit rundt dette gjer at både barnehagen og føresette i større grad kan forstå og støtte barnet.

Føresette er våre viktigaste samarbeidspartnarar. For at dette samarbeidet skal fungere best mogleg legg vi til rette for:

- Foreldremøte for nye foreldre i juni før nytt barnehageår
- Besøksdagar når ein er ny i barnehagen
- Tilbod om minst to foreldresamtaler i året, ved behov legg vi til rette for fleire
- Eitt foreldremøte i året
- Alle skal oppleve at dei blir møtt når dei kjem om morgonen
- Prøve å få tid til å snakke med føresette i hente og bringesituasjonar
- Informasjon og meldingar mellom heim og barnehage i Visma foreldreapp.
- Gje ut månadsplanar med evaluering av det arbeidet som ein har hatt den førre månad i Visma foreldreapp.
- Opprette FAU (foreldrenes arbeidsutvalg) og SU (samarbeidsutvalg) på foreldremøte på hausten.

FAU skal ifølge barnehageloven fremme fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar gode forhold i barnehagen. SU består av to representantar frå FAU, to frå personalet og ein frå eigar, samt einingsleiar. Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit føreleggast FAU og SU.

Barn og foreldre skal ha eit mest mogleg heilskapleg tilbod som sikrar barns oppvekst og utvikling best mogleg. For å få dette til krev det at barnehagen samarbeider med andre tenester

og institusjonar i og utanfor kommunen. Me har også ein handlingsrettleiar som gjer oss enkle retningslinjer for kva me skal gjera dersom me er bekymra for eit barn.

## Samarbeid med Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT er ein sentral samarbeidspartner for barnehagen. Kvar barnehage har sin faste kontaktperson i PPT som har faste møtepunkt der barnehagen kan drøfte problemstillingar og motta veiledning. Barnehagen og foreldra har moglegheit til å søke bistand hos PPT dersom det er behov for det for å sikre at barnet har god utvikling. PPT bistår barnehagen i veiledning av personalet og foreldre ved behov. Drøfting av namngitt barn skjer berre med samtykke frå føresette. PPT kan henvise til andre instansar ved behov, dette kan for eksempel være fysioterapeut, BUP osv.

## Samarbeid med barneverntenesta

Personalet i barnehagen har melde- og opplysningsplikt til barneverntenesta når dei er bekymra for barnets omsorgssituasjon. Barneverntenesta har ulike tiltak ut frå familiens behov for støtte, veiledning og oppfølging.

## Samarbeid med helsestasjonen

I enkelte saker samarbeider barnehagen med helsestasjonen etter samtykke frå føresette.

## Tverrfaglege møter

Barnehagen har tverrfaglege møter i løpet av året. Dette er saman med PPT, barnevern og helsestasjon. Desse møta er etablert for å gje ein samla og koordinert hjelp til barn det er knytt bekymring til. Samtykke frå føresette er ein føresetnad for å kunne utveksle opplysningar om barnet.

## Partnerbarnehage

Folkestad barnehage er ein partnerbarnehage. Det inneber at vi tek imot studentar frå barnehagelærarutdanninga ved Universitetet i Sørøst-Norge (USN). Barnehagen tek også imot praksiselevar frå ungdomskulen, barne og ungdomsarbeidarar, vaksenopplæringa i kommunen og arbeidspraksis for kandidatar frå Talenthuset (NAV).

## Fagområder

Rammeplanen for barnehagen gjev retningslinjer for barnehagens verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Den legg vekt på at barnehagens innhald skal byggast på eit heilhetleg læringssyn, kor språk, sosial kompetanse, omsorg, danning, lek og læring er sentrale delar.

I Rammeplanen er det definert sju fagområder barnehagen skal jobbe med. Det er viktig å understreke at med utgangspunkt i barnehagens heilhetlige læringssyn vil ein alltid jobbe tverrfagleg og innanfor fleire fagområde på same tid.

Rammeplanen viser til at «fagområdene skal ses i sammenheng, og alle fagområder skal være ein gjennomgående del av barnehagens innhold». Den viser vidare til at arbeidet med fagområda må være basert på barns medverking og at «arbeidet med fagområdene skal kunne oppleves som en meningsfull og morsom del av barns hverdag». Det er altså gjennom aktivitetar, samspel og relasjonar i kvardagen at barna får erfaringar og kunnskap i tråd med det heilhetlege læringssynet barnehagen har.

## Dei sju fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

For kvart fagområde er det formulert mål for arbeidet med å fremme utviklinga og læringa til barna og presisere personalansvaret. Måla som rettar seg mot barnas opplevingar og læring er prosessmål. Det vil sei at det er sjølve læringsområdet og arbeidsmåtane barna skal bli kjend med.

## Barnehagens satsingsområde for 2026-2027 - leik

Leik utgjer ein stor del av barnas kvardag og har stor betydning for utvikling og læring, den gir barna ei allsidig kompetanse. Dette gjeld både språkleg, sosial, emosjonell, kognitiv og motorisk. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side av barnekulturen, den er barnas måte å bearbeide inntrykk og opplevingar på. I leiken dannast grunnlag for barns venskap med kvarandre og forståing for andre. Gjennom å leike med andre barn lærer dei empati, sjå andre perspektiv, uttrykke tankar og følelsar.

Dei tilsette skal vera observante, engasjerte og delaktige ved å støtte, hjelpe, inspirere, oppmuntre og berike leiken. Barnas leik må tas på alvor, dei tilsette må vise respekt og anerkjenning. Det må gis tid og rom for leik ute og inne. Dette gjeld både den frie spontane leiken og meir organisert leik.

### **Barnehagen skal vareta barnas behov for leik**

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Personalet skal:

- organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik
- bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema
- fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premisser
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken
- ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

*Rammeplan for barnehage – innhald og oppgåver, side 20-21*

## Hovudmål:

- Alle barn skal oppleve at alle vaksne er aktive i leik
- Alle barn skal oppleve ein trygg og inkluderande barnehage prega av eit inspirerende barnehagemiljø

## Delmål:

- Tilstadeverande og fleksible vaksne i leik på barnas premisser
- Ei god organisering som skapar og opprettheld gode leikemiljø for barnegruppa der leik, venskap og fellesskap er i fokus
- Gje barna opplevingar og idear som inspirerer leiken og gjer den nytt innhald
- Barna skal få felles erfaringar og ei oppleving av å meistre eit godt samspel med andre barn

## Dei tilsette skal:

- Ha fokus på at alle barn opplever venskap og fellesskap i leiken
- Lage leikesoner
- Vite både *kva* me skal gjere, *korleis* me skal gjere det og *kvifor* det skal gjerast
- Bruke praksisforteljingar til pedagogisk arbeid
- Vere opptekne av å vere til stades der leiken går føre
- Vere bevisste på at dei viktigaste arbeidsoppgåvene er tilrettelegging av og for leik, balanse mellom tilrettelegging og eigen deltaking i leiken
- Tilføre rekvisittar for å berike leiken
- Ha overblikk til alle tider – saumlaust veksle mellom å vere i leik, observere leik og rettleie i leik
- Vere tydelege vaksne som vernar om leiken og rettleier om kor leiken kan gå føre om den gjeng ut over andre barns leik og konsentrasjon

## Årshjul

|           |                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|-----------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| August    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 13. og 14.08: planleggingsdagar, barnehagen er stengt</li> <li>• Oppstart og tilvenning</li> </ul>                                                                                                                                                        |
| September | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppstart og tilvenning</li> <li>• 07.09: Den kulturelle skulesekken, <i>Glemmekassa</i></li> <li>• 09.09: Foreldremøte</li> <li>• Veke 38: Brannvernveke</li> </ul>                                                                                       |
| Oktober   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Veke 41 (05.10 – 09.10): Haustferie</li> <li>• 23.10: Me markerer FN-dagen, foreldrekafe</li> </ul>                                                                                                                                                       |
| November  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 06.11: Planleggingsdag, barnehagen er stengt</li> <li>• Foreldresamtaler</li> </ul>                                                                                                                                                                       |
| Desember  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 11.12: Luciafeiring</li> <li>• 18.12: Nissefest</li> <li>• 24., 25. og 31.12: Jul, barnehagen er stengt</li> </ul>                                                                                                                                        |
| Januar    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 01.01: Barnehagen er stengt</li> <li>• 04.01: Planleggingsdag, barnehagen er stengt</li> <li>• Felles prosjekt, tema vinter</li> </ul>                                                                                                                    |
| Februar   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 05.02: Den kulturelle skulesekken, <i>Papillon</i></li> <li>• 05.02: Me markerer samenes nasjonaldag</li> <li>• 19.02: Karneval</li> <li>• Veke 6 og 7 Tema: Kroppen min eig eg (Bjønn og Jåså)</li> <li>• Veke 8 (22.02 – 26.02): Vinterferie</li> </ul> |
| Mars      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 09.03: Barnehagedagen</li> <li>• Veke 11: Påskelunsj</li> <li>• 24.03 -29.03- Påske, barnehagen er stengt</li> </ul>                                                                                                                                      |
| April     | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kreativ veke</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                   |
| Mai       | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 06.05 Kristi Himmelfartsdag, barnehagen er stengt</li> <li>• 07.05 Planleggingsdag, barnehagen er stengt</li> <li>• 14.05: 17.mai feiring</li> <li>• 17.05: 2.pinsedag, barnehagen er stengt</li> <li>• 20.05 Fotografering</li> </ul>                    |
| Juni      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• 01.06: Sommarfest</li> <li>• Avslutning for skuleklubben</li> </ul>                                                                                                                                                                                       |

Felles samling oktober - mai